



ÅRSMELDING

2015

Innhald:

Eigarskap og styre

Lokale

Finansiering

Aktivitetar 2015:

- **Handlingsplan**
- **Frivilligmelding**
- **Frivilligforum**
- **Sommaraktivitetar for born**
- **Ganglaje**
- **Dataklubb for seniorar**
- **Familietilbod til familiar med born med nedsett funksjonsevne**
- **Besøkstenesta**
- **Nattevandring på Frekhaug**
- **Meland Minifestival**
- **Den kulturelle Spaserstokken**
- **Nettverksgruppa for Nordhordland**
- **Regional samling**

Nye tiltak i 2015

- **Flyktningefadder**
- **Språkkafe**
- **Svømmekurs for flyktningar**
- **Julegåveinnsamling**

Andre aktivitetar i Meland frivilligsentral

Eigarskap og styre

Meland Frivilligsentral er eigd av Meland kommune.

Meland Frivilligsentral sitt styre før Årsmøtet 2015:

- Leiar: Kåre Skibenes, leiar for Utval for levekår
- Nestleiar: Karin Strømmen, UL Framsteg
- Kjersti Monsen, Nordhordland Røde Kors
- Nils Marton Aadland, Ordførar
- Helge Kvam, Administrasjonen i Meland kommune
- Øystein Tunhold, Heiane Vel

Meland Frivilligsentral sitt styre etter Årsmøtet 2015:

- Leiar: Karin Strømmen, UL Framsteg
- Nestleiar: Henriette Fennelly, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- Øystein Tunhold, Heiane Vel
- * Øyvind Oddekalv, ordførar
- * Sølvi Knudsen, leiar for Utval for levekår
- Helge Kvam, Administrasjonen i Meland kommune.

Styret for sentralen har hatt 2 styremøter, og behandla 17 saker i 2015.

Dagleg leiar

Dagleg leiar var sjukmeldt fram til 16.september 2015 og delvis sjukmeldt fram til 1.desember 2015. Ane Bysheim var vikar for dagleg leiar fram til t.o.m 30.november 2015.

Lokale

Sentralen sitt lokale er utforma slik at aktivitetane stort sett føregår i andre lokaler/stader. Møter med frivillige og det offentlege føregår på sentralen, og nokre organisasjonar nyttar også lokala til sine møter.

Finansiering

Søknad om statstilskot for 2015 vart sendt Kulturdepartementet innan fristen 30.06.2014. Søknaden vart innvilga med 310.000,-.

Meland Frivilligsentral fekk inn midlar til ulike tiltak:

| | | |
|-------------------------------|---------------------------------------|--------------------------------|
| Den Kulturelle spaserstokken: | 40 000,- (skal nyttast i 2016) | Hordaland fylkeskommune |
| Meland Minifestival: | 10 000,- | Fours As |
| Sommaraktivitetar for born: | 10 000,- | Ramberg midlar |
| Syklar til treningskontaktar: | 14 000,- | Ramberg midlar |
| Besøkstenesta; | 10 000,- | Trivselskomiteen |
| <u>Frivilligmelding:</u> | <u>40 000,- (skal nyttast i 2016)</u> | <u>Hordaland fylkeskommune</u> |
| <u>Totalt:</u> | <u>124 000,-</u> | |

Det som står igjen av tilskota er overført til 2016.

Aktivitetar 2015:

Handlingsplan

Handlingsplan vart utsett på grunn av situasjon med vikar.

Frivilligmelding

Arbeidet med Frivilligmeldinga vert utsett til 2016 på grunn av situasjonen med vikar.

Frivilligforum

Det har vore arrangert to frivilligforum. Eitt i februar og eitt i november. Alle lag og organisasjonar i Meland blir invitert til frivilligforum.

Sommaraktivitetar for born



Sommaraktivitetar for born blei tatt opp med lag og organisasjonar i Meland på Frivilligforum hausten 2014. Vi ønskte å tilby barn og unge som ikkje reiser bort i fellesferien eit sommartilbod i Meland. Gjennom å engasjera lag og organisasjonar i kommunen til å bidra med sine aktivitetar var målet å visa dei unge kva moglegheiter som fins for aktivitetar i lokalmiljøet og innanfor dei frivillige organisasjonane. Dette er ein god vervingsarena for alle som ynskjer fleire medlemmer og synleggjera sine aktivitetar og rolle i lokalsamfunnet. Etter gode tilbakemeldingar og lag som stilte opp blei aktiviteten for første gong gjennomført sommaren 2015.

Programmet:

10.juli – Prøv golf med Meland Golfklubb

22.juli - Husflidsaktiviteter med Nordhordland Husflidlag

1.august - Rognappen med Holsnøy Kystlag

Ganglaje



Hausten 2014 tok Revmatikalaget kontakt med frivilligsentralen for å starte opp ei gågruppe som passar menneskjer med ulike funksjonsnivå. Fleire lag blei invitert med og våren 2015 starta ein opp med turar. På

turane er det alltid med ein «kjentmann/kvinne» som guidar og fortel om området turen er lagt til. Turane er kvar onsdag på dagtid og blir gradert med stjerner etter kor utfordrande turen er. Mellom 30 – 50 personar har vore med kvar gong.

Frivilligsentralen kallar inn til møte der ei gruppe legg programmet i forkant av sesongen som er haust og vår. Frivilligsentralen lagar eit program som blir delt ut til deltakarane og blir lagt ut på frivilligsentralen og kommunen sine nettsider. Turane blir også annonsert i kommunen si fellesannonse i Strilen.

Dataklubb for seniorar

Er eit samarbeid mellom Frivilligsentralen og Meland Helselag. Dataklubben er eit ope tilbod for pensjonistar som ønskjer å øve seg på å bruke data. Kvar torsdag frå kl.11 til 13 på Eldresenteret. Fleire frivillige er med styrer dataklubben.

Familietilbod til familiar med born med nedsett funksjonsevne

Familiar i Meland med barn med nedsatt funksjonsevne har låner bassenget på Nordhordland folkehøgskule annakvar laurdag frå klokka 11 – 13. Det er kjøpt inn leiker og ein kasse til oppbevaring av leikene.

Besøkstenesta

Besøkstenesta er eit samarbeid mellom Frivilligsentralen, Nordhordland Røde Kors og Meland kyrkje. Tenesta er bygd opp slik at tre frivillige representantar frå samarbeidspartnarane utgjer ei ressursgruppe. Ressursgruppa har ansvar for å fordele oppdrag til besøksvenene og å følgje opp besøksvenene ved behov. Gruppa arrangerer sosiale samkomer med besøksvenene ca. 4 gonger i året.

Frivilligsentralen tek i mot og vidareformidler oppdrag til ressursgruppa, hjelper til med praktiske gjeremål som annonsering, kopiering, stiller møtelokale til disposisjon, gjer tenesta kjent gjennom sitt nettverk og følgjer opp besøksvenene når dei frivillige i ressursgruppa har ferie eller er borte av ulike grunnar.

I 2015 starta ei gruppe med besøksvener faste onsdagsbesøk på sjukeheimen.

Besøkstenesta har ca. 14 aktive besøksvener. Dei jobbar kontinuerleg med å rekruttere nye besøksvener gjennom annonsering, stands og arrangement.

Nattevandring i Frekhaug

Frivillige Nattevandrara var ute i Frekhaugområdet i helgane frå 1.mai til rundt jonsok tider.

Tilbakemeldingane var at det er lite ungdommar ute på nattetid i Frekhaug og at ein ikkje kunne sjå at det var eit behov for å fortsette aktiviteten.

Meland Minifestival

Meland ungdomsråd var med og arrangerte Meland Minifestival på Nordgardsløa i mai.

Det var leigd inn DJ som sto for musikken.

Den kulturelle Spaserstokken

Spaserstokken i Meland fekk 34.000,- frå Hordaland Fylkeskommune i 2015.

Arbeidsgruppa for Den Kulturelle Spaserstokken (DKS) i Meland består av: Klara Hansen, Sigurd Knudsen og Klara Mongstad frå Fellelrådet, Kirsten Jensen frå Helselaget og Nina Randal / Ane Bysheim – Meland Frivilligsentral.

Grappa hadde jevnlege møter der planlegging av program, gjennomføring av kulturtiltak og søknad om midlar sto på dagsorden. Målet er å kunne tilby fleire kultur arrangement på institusjonane i tillegg til Kulturkveldar for seniorar.

Gjennomført program i 2015:

Februar: konsert med Olav Stedje på Nordhordland folkehøgskule

Oktober: Konsert med Lars Martin Myhre på Eldresenteret. Samarbeid med Meland bibliotek

Desember: Julekonsert med Glenn Sørskår i Ul Framsteg sitt ungdomshus på Rosslund.

1.oktober vart Den Internasjonale Eldredagen markert på Nordhordland folkehøgskule. Dagen blir markert kvart år med ein kulturkveld i samarbeid med Eldrerådet.

Nettverksgruppa for Nordhordland

Nettverksgruppa for Nordhordland er ein møteplass for Frivilligsentralane i Nordhordland.

Nettverksgruppa i Nordhordland arrangerte ein Internasjonal Kulturkveld i Nordhordlandshallen 21.05.2015. På programmet stod det foredrag med Safia Abdi Haase «Ferdig vandra innvandrar», kulturinnslag med Chiku Ali og lett servering av internasjonal mat.

Region samling

Frivilligsentralane er delt inn i 4 regionar. Meland Frivilligsentral høyrer til region 3 som består av alle frivilligsentralane i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Samlinga er ei årleg samling for styreleiarar og daglege leiarar. Kulturdepartementet dekkjer utgiftene til konferansen og opphald for dagleg leiar og styreleiar. Regionssamlinga i 2015 var lagt til Balestrand den 16-17 september.

Nye tiltak i 2015:

Flyktingefadder

Meland Frivilligsentral begynte sommaren 2015 å rekruttere frivillige til å gjera ein innsats som flyktingefadder. Flyktingefadder ordninga er eit eige lokalt opplegg i Meland der vi legg vekt på at ordninga skal vera ei kortvarig teneste for dei som melder seg frivillig. Det er ei teneste der fadderer hjelper personar eller familiar som blir busette i Meland kommune med å komma best mogleg på plass, gjera dei kjent i lokalmiljøet og med å vera ein kontakt inn i lokalsamfunnet. Det er ein fin måte



å ønskja flyktningane som blir busett i Meland velkommen på.

I desember 2015 hadde ca 40 frivillige meldt seg som

flyktingefadder. Nokon var ferdig med sine oppdrag som fadder, nokon hadde nett starta og andre venta på oppdrag.

For å følgja opp dei som har meldt seg som flyktingefadder,

arrangerar frivilligsentralen i samarbeid med NAV og ressursgruppa

temakveldar for alle fadderane som ønskjer å vera med, ca 1 gong i månaden.

Språkkafe

Språkkafe er eit samarbeid med Meland bibliotek. Annakvar laurdag er det Språkkafe på biblioteket på Frekhaug frå klokka 11 – 12.30. Hovedmålgruppa var «alle som ikkje har tilgang til gratis norskopplæring». Det vil seie alle tilflyttera med anna morsmål som ikkje er med i introduksjonsprogrammet til flyktningar. Tilbodet har utvikla seg til å bli eit tilbod som mange av

flyktingane nyttar.

8 frivillige driv aktiviteten. Dei har ulike tema og bruker også spørjekort, illustrasjonar og konkrete gjenstandar når dei øver norsk med deltakarane.

Symjekurs for flyktingar

Symjekurset er eit samarbeid med rådgjevar for skule og NAV.

Mange av flyktingane som kjem til Norge kan ikkje symje. Denne ferdigheten er det viktig å meistre i ein kystkommune for å forhindre drukningsulukker.

Ved hjelp av midlar vi fekk frå Fylkesmannen i Hordaland – vart det arrangert symjekurs for jenter / damer i bassenget på Nordhordland folkehøgskule. Kurset gjekk annakvar laurdag frå 11.45 til 14.00 fem gonger. Åstveit svømmeklubb stilte med instruktørar. Frivillige låste opp, ordna med frukt og drikke og låste igjen etter kvart kurs.

Julegaveinnsamling

Etter initiativ frå frivillige blei det sett igong ei julegåve innsamling på Frekhaug i desember. Gåvene var meint for born i familiar som sleit med økonomien. Det kom inn veldig mange julegåver.

Innbyggjarane i Meland viste stor givarglede. 31 born fekk gleder av å motta gåver.

Andre aktivitetar i Meland frivilligsentral

Meland frivilligsentral har vekentlig møter om tiltak for flyktingar med flyktingetenesta.

Frivilligsentralen har fått Facebook side der informasjon om arrangement og tiltak blir lagt ut jevnleg.

Oppdatere nettsidene til Frivilligsentralen – legge inn arrangement.

Kurs / konferansar.

Besøker lag og organisasjonar.

Følgjer opp saker frå Frivilligforum

Ks sin frivilligkonferanse i desember

Møter med den Kulturelle spaserstokken, ressursgruppa for besøkstenesta, ressursgruppa for flyktingefaddere.

Registrere frivillige – formidle frivillige.

Bistår frivillige / lag med å søkje midlar til prosjekt.

Meland Frivilligsentral har hatt eit godt og aktivt år i 2014 i lag med engasjerte og positive frivillige med gode samarbeidspartnarar innanfor organisasjonar, det offentlege og det private.

Frekhaug 10.05.2015

Karin Strømmen

Nina Randal

Styreleiar

dagleg leiar